



Gunnar Andreas Danielsen
BREISTEINVEGEN 309
5111 BREISTEIN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 22/184 - 22/57521

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
20.07.2022

Igangsettingsløyve for riving av hytte/oppføring av ny med tilkomst, parkeringsplass, minireinseanlegg - gbnr 331/15 Håtufft

Administrativt vedtak: Saknr: 792/22
Tiltakshavar: Gunnar Andreas Danielsen
Ansvarleg søkjar: Gunnar Andreas Danielsen
Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 , jf. § 21-2, 5.ledd vert det gjeve løyve til igangsetting av heile tiltaket for riving av hytte, oppføring av ny hytte med vegtilkomst, parkeringsplass og minireinseanlegg på følgjande vilkår:

1. Rammeløyve av 05.04.22 med vilkår gjeld for tiltaket.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. Ferdigattest for minireinseanlegg.
2. Serviceavtale for vedlikehald av minireinseanlegg.
3. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen i form av KOF-filformat eller SOSI-fil (versjon 4 eller nyare) for oppdatering av kommunen sitt kartverk.

Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetting av heile tiltaket: riving av hytte, oppføring av ny hytte med vegtilkomst, parkeringsplass og minireinseanlegg.

Kommunen har i vedtak av 05.04.22 gjeve rammeløyve.

Det vert elles vist til søknad motteken 04.07.22.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 04.07.22 og frist for sakshandsaming er 3 veker frå denne dato.

VURDERING

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

Tiltakshavar Gunnar Andreas Danielsen har søkt personleg ansvarsrett for ansvarsområdet ansvarleg søkjar SØK, prosjekterande PRO og utførande UTF for tømrararbeid og muring tiltaksklasse 1 som sjølvbyggjar av eigen fritidsbustad.

Tiltakshavar har etter kommunen si vurdering sannsynleggjort at arbeidet vil bli utført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Godkjenning er gjeve i rammeløyve av 05.04.22.

Aktuelt regelverk

- Igangsetting av tiltak med ansvarsrett krev søknad etter pbl §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.
- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1, jf. § 7-1 første ledd bokstav b).
- Grunnlag for ansvarsrett som sjølvbyggjar går fram av SAK § 6-8.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/184

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Gunnar Andreas Danielsen

BREISTEINVEGE 5111
N 309

BREISTEIN